

Eyrarland-figuren i lys av sørsamiske Tors-(hammar)teikn

av Eldar Heide



Figur 1. Bronsefigur frå Eyrarland. Etter Almgren, et al. (1975: 144). Foto Åke Grundström.

Figur 1 viser ein bronsefigur funnen på garden Eyrarland i Eyjafjörður på Nord-Island i 1815–17, under gravearbeid. Han er 6,7 cm høg, og er i dag i Islands nasjonalmuseum (Þjóðminjasafn Íslands). Han er rekna for å vera frå slutten av vikingtida (sjå Perkins 2001: 88). Det vart tidleg føreslått at figuren førestiller Tor, og i dag er det synet utbreidd, men ikkje einerådande. Det har òg vori føreslått at figuren er ei vekt, ei leike, ei spelbrikke, guden Frøy eller ein dobbelfløyte-spelar (oversyn hos Perkins 2001: 89–97 og 127–29). Problemet for Tors-tolkinga er at det som må vera hammaren – nemleg framhaldet av skjegget – liknar for lite på ein hammar. Richard Perkins er den som har gått grundigast inn på spørsmålet. I ei bok frå 2001 argumenterer han for at figuren førestiller Tor (Perkins 2001). Han går svært grundig til verks. Han drøftar 13 særdrag ved figuren, og meiner dei fleste høver betre på Tor enn på dei

andre framlegga til kva figuren føresteller – så som gjennomtrengande øye, markert nase m.m. At den mogelege hammaren går over i skjegget på mannen, meiner Perkins ikkje er noko problem, for det er ingen grunn til at to av særmerka til Tor ikkje skulle vera kombinerte i ein slik figur (Perkins 2001: 115). Den “dropen” av den mogelege hammaren som går ned mellom beina på figuren, forklarer Perkins med at hammaren “is intended also to represent the man’s genitalia” (Perkins 2001: 115), og da blir det dessutan forklarleg at endane er avrunda. Dei runde hammarendane finn Perkins òg parallellear til på andre torshamrar. Dette verkar rimeleg etter mi meinings.

Men heller ikkje Perkins kjem heilt i mål når det gjeld det største problemet, som er at den mogelege hammaren har dobbelt skaft. Kan ein hammar ha det? Kan han ikkje det, så kan figuren vanskeleg førestelle Tor. Perkins sine to framlegg til løysing av dette problemet er ikkje heilt overtydande: 1. Det kan tenkast at det fanst tviskjefte hamrar til seremonibruk. 2. Kunstnaren ville ha figuren *symmetrisk*, og det kunne han ikkje oppnå utan å dele skjegget/skaftet (Perkins 2001: 116–17). (Med samla skjegg/skaft hadde eine handa kommi under den andre, slik som på kvalrosstannfiguren frå Lund [sjå Perkins 2001, 64] og ravfiguren frå Roholte på Sjælland [sjå Perkins 2001, 69].)

Eg har eit framlegg til forklaring av den underlege hammaren. Framlegget tek utgangspunkt i sørssamisk Tors-tradisjon, som er relevant for norrøn Tors-tradisjon fordi han er lånt frå norrøn Tors-tradisjon. Det sørssamiske namnet *Hovrengaellies*¹ er såleis lånt frå nordisk (Qvigstad 1893: 195). *Hovren-* (genitiv) kjem av *Pórr, gaellies*

¹ Moderne sørssamisk skrivemåte for *Horagalles* osb., jf. Rydving (1995: 68).

av norrønt *karl/kall*, nynorsk *kall*.² *Hovrengaellies* skal vera ein av samane sine “fornembste af Guder [...] og staaer med een Slegge udj sin eene Haand og en Krydts-Hammer i den anden Haand, [og] tilbedis i særdeelished af *Finnerne*, naar Torden slaar, at hand med den eene Hammer vil drive den tilbage igjen, at den ikke skal skade enten dem eller deris Reins-Diur, lige saa og paakalder de hannem naar de vil have Torden og Liun-Ild udslaget ofver nogen de ere vrede paa, at hand da med siin Slegge, som hand haver i den anden Haand skal udføre sin Torden og Liun-Ild ofver dem” – skreiv Randulf i 1723 (Qvigstad 1903: 6–7). Samane hadde òg utskorne trebilete (støtter) av Tor med hammer gjennom eller i hendene, sjå t.d. Reuterskiöld (Reuterskiöld 1912: 106, 108). Meir utfyllande opplysningar om Tors-dyrking hos samane finn ein hos Reuterskiöld, Lid o.fl. (Reuterskiöld 1912: 104–09, Lid 1942: 127–29).

Det interessante for forklaringa av Eyrarland-figuren, er at den mogelege hammaren på figuren (framhaldet av skjegget) liknar teiknet for Tor/toreslått/torshammaren på fleire sørssamiske runebommer, viste i figur 3–7. (Figur 2–6 er etter Manker 1950: 219, 309, 326, 320, 243; figur 7 er etter Friis 1871, nr. 2.)



Figur 2.



Figur 3.



Figur 4.



Figur 5.




Figur 6.

² Ordet er anten samansett med samisk *gállis* (Qvigstad 1893: 195 sitt syn), rettare sørssamisk *gaellies* ('ektemann', Bergsland og Magga 1993), sidan *Hovrengaellies* er sørssamisk, eller av ei folkeleg, samansett nordisk form, jf. at Tor heiter Torekall i den svensk-norske folkevisa som går tilbake på *Prymskviða* (Lid 1942: 127 sitt syn). Det siste er vel mest truleg, for det ville vera overraskande om same samansettinga skulle ha oppstått parallelt, uavhengig, i norsk-svensk og sørssamisk. Dessutan må *gaellies* gå tilbake på ei nordisk form med *rl* assimilert > *ll*, altså frå 1100-talet eller seinare (jf. Indrebø 1951: 121).




At det verkeleg er Tor/toreslått/torshammaren desse teikna står for, er det brei semje om, fordi inventaret på denne trommetypen er nokså fast, slik at figuren kan identifiserast ut frå tilsvarende teikn på andre trommer. Frå ikring 1700 har vi eit par forklaringar av sør-samiske trommer frå samar som kjende trommebruken. Den eine er ei teiknforklaring skriven rett på trommeskinnet, truleg av presten og saman Graan i Lycksele i Västerbotten i 1688 (Manker 1950: 217). Teiknet i figur 2 er der forkart som "torn" (Manker 1950: 218), altså Tor. (Jamfør "Thorens beläte" o.l. hos Rhee [1671] 1983: 37 o. fl. st.). På om lag same staden på ei anna tromme (sjå figur 9, like til venstre for midten), finn vi teiknet i figur 3. Til den tromma har vi ei forklaring frå fyrstninga av 1700-talet, frå eigarane, to namngjevne samar i Nord-Trøndelag og Vefsn (Qvigstad 1903: 68, Manker 1950: 307). Dei forklarer teiknet i figur 3 som "Dievelen" (Manker 1950: 307). Det er brei semje om å oppfatte det som ei omtolking av Tor eller toreslått (jf. Manker 1950: 307). Figur 4–7 viser motsvarande teikn på andre sør-samiske trommer. Også figur 8 og forklaringa til den stør tolkinga av desse teikna. Forklaringa kjenner vi gjennom




Figur 8. Teikn frå Utterus si "samiske" tromme. Etter Manker (1950: 164).

Schefferus, og ho skal skrive seg frå Christoffer Utterius (forkorta *Ui* Manker sin bilettekst i figuren) frå Torneå og vera datert 1673 (Manker 1938: 834). Ho skal gjelde ei tapt tromme som vi kjenner gjennom ein bevart kopi og gjennom Schefferus si teikning, som finst i to versjonar (Manker 1938: 831 ff.). Som vi ser, liknar teiknet i figur 8 mykje på teikna i figur 3–6, berre at det er opp-ned. (Men det kjem nok av at teiknet "står" på ytterstreken i "øverenden" av tromma.) Utterius(Schefferus) forklarer teiknet som "Dundar eller Turn", altså 'toreslått eller Tor'. Utterius/Scheffer-tromma er problematisk med di ho ikkje er noka eigentleg samisk tromme, men ser ut

til å vera laga som ei samling av trommeteikn (jf. Manker 1938: 835). Likevel er Utterius/Schefferus si forklaring ei uavhengig kjelde, og når ho stemmer overeins med forklaringane av figur 2 og 3, så står det dei forklaringane. Alt i alt skulle det derfor vera solid grunnlag for den breie semja om at dei aktuelle teikna representerer Tor/toreslått/torshammaren.



Figur 9. Tromma som figur 4 er henta frå. Etter Manker (1950: 309).




Figur 10. Steinristning³ frå Norra Åby i Södermanland. Etter Wachtmeister og Snædal (1984: 104).

Så var det jamføringa av desse teikna og den mogelege hammaren på Eyrarland-figuren. Eg jamfører først figur 2–8 med kvarandre. Teiknet i figur 2 ser ut til å førestelle fire hamrar som heng i hop i skaftet. (Svært like teikn på tromme 14: 11 og 38, 12 hos Manker; Manker 1950: 262, 338.) Dei andre minner i større eller mindre grad om det teiknet, men på dei er den nedre hammaren bytt ut med ei forgreining. (I figur 8 er det den øvre. De kommenterer eg nedanfor.) Dei andre teikna ser da i større eller mindre grad ut som eit menneske med ein hammar i kvar hand (mest tydeleg i figur 3 og 6), samstundes som hovudet på personen ser likeins ut som hamrane.

³ Lindholm (2000: 8) daterer ristninga til fyrste helvta av 1000-talet. Innskrifta er: *Asmundr ok Frøybjorn letu gøra mærki sirun/siryn at Hæbjorn, faður sin, 'Asmund och Fröbjörn läto göra runristade (?) minnesvårdar efter Härbjörn, sin fader.'* Etter Lindholm (2000: 5).

Dermed ser dei fleste av figurane ut til å førestelle både eit hammarteikn og ein person med hammar/hamrar. Slike kombinerte symbol var vanlege i vikingtida og mellomalderen (jf. Perkins 1994: 108), noko m.a. figur 10 og 11 illustrerer. Som vi ser, er hammaren i figur 10 samstundes kroppen på eit menneske, og i figur 11 kan sjølve hammaren oppfattast som skjegget på ein mann. Den markerte nasen og dei stikkande auga kan høve med at mannen er Tor (jf. Perkins 2001: 101–02, 119–22).

Framhaldet av skjegget på Eyrarland-figuren kan oppfattast som same typen figur som denne og dei på runebommene, altså som ein Tors-hammar i bokstavleg tyding – ein figur med uklårt skil mellom Tor og hammaren. Som vi ser, liknar "skjegget" på Eyrarland-figuren ikkje lite på Tor/Tors-hammaren i figur 4 og 7. Mot den siste (figur 7) kan det innvendast at figuren er henta frå eit trommeavrit der mange av figurane er omteikna til "europeisk" stil, fjernt frå den samiske.⁴ Men det gjeld særleg menneskefigurane, medan dei enklaste figurane ser ut til å vera bevarte meir i den opphavlege, samiske stilen. Og som vi ser, høver Tors-figuren frå denne tromma fint inn blant dei andre. – På andre trommer ser Tors-(hammar)-figurane anten meir ut som ein menneskefigur (t.d. Manker 1950: 253 nr. 3, 259 nr. 5, 275 nr. 3, 316 nr. 3–4, 324 nr. 3, 335 nr. 2, 341 nr. 2), eller meir som ein hammar – anten som eit kryss (jf. hammaren i figur 2) eller som ein utvitydig hammar (sjå Manker 1950: 234 nr. 12–13, 294 nr. 3, 296 nr. 3–5 eller 7–9, 329 nr. 3). Det skulle ikkje vera



Figur 11. Torshammar frå Skåne (oppfavsstad ikkje nærrare kjend). Gjennom skaftenden går det hol til snor, så hammaren har venteleg vori til å henge kring halsen. Etter Perkins (2001, 120). © Riksantikvarieämbetet.

⁴ Vi kjenner tromma/teikninga berre frå Friis (Friis 1871, nr. 2). Etter Manker si påvising (Manker 1950: 212) kan det ikkje stemme at tromma er "tegnet etter Nærø-Manuskriptet", slik Friis seier (Friis 1871: 32).

grunn til å sjå denne motivvariasjonen som uttrykk for tydningsskilnad – altså at det er tydingsskilnad på ein hammar og ein person med hammar på den aktuelle staden på tromma. Vi må rekne med at dei står for det same. Det styrker tolkinga av figur 3–8 som ”både Tor og hammar”-teikn. Jamfør Skanke: ”Hora-galles”/”Thor” ”betegnes under ded Character (9) som skal være een Hammers lignelse, hvormed hand alle ting kan sønderslaae og -knuse” (Skanke 1945 a [1728–1731]: 187). Les vi bokstavleg her, så er det *Hovrengaelies*/Tor sjølv som ”betegnes [...] under een Hammers lignelse” – som om det er eit flytande skil mellom han og hammaren.

Framleget mitt er at framhaldet av skjegget på Eyrarland-figuren er ein kombinert Tors-(hammar)figur av liknande type som på dei samiske trommeteikna i figur 3–7. Til dette kan det innvendast at det er minst 500 år mellom Eyrarland-figuren og trommene. Men den samiske Tors-tradisjonen var konservativ, og som vi ser av figur 10 og 11, hadde også nordisk tradisjon frå slutten av vikingtida Tors-(hammar)figurar med uklårt skil mellom hammar og ein menneske-liknande skapning. Dersom denne forklaringa av den mogelege hammaren på Eyrarland-figuren er rett, skulle det ikkje stå att viktige innvendingar mot at Eyrarland-figuren førestiller Tor. Eg reknar elles med å gå nærmare inn på hammaren/menneskefiguren på Eyrarland-figuren i doktoravhandlinga eg arbeider med.

Litteratur

- Almgren, Bertil , et al., 1975. *Vikingene*. Illustrasjoner Åke Gustavsson. Cappelen.
- Bergsland, Knut og Lajla Mattsson Magga, 1993. *Åarjelsaemien-daaroen baakoegærja. Sydsamisk-norsk ordbok*. [Indre Billefjord]: Idut.
- Friis, J. A., 1871. *Lappisk Mythologi, Eventyr og Folkesagn*. Kristiania: Alb. Cammermeyer.
- Indrebø, Gustav, 1951. *Norsk målsoga*. Bergen: John Grieg.
- Lid, Nils, 1942. «Gudar og gudedyrking». I *Religionshistorie*, Nordisk kultur 26, 80–153. Stockholm: Bonnier.

- Lindholm, Zelimir, 2000. ”*Prottar þægnar*” och ”*sniallir drængar*”. *Ytstrukturanalyser på åtta runstenar i Södermanland*. C-D-uppsats vid Arkeologiska forskningslaboratoriet, Stockholms universitet, VT 2000.
- Manker, Ernst, 1938. *Die lappische Zaubertrumme. Eine ethnologische Monographie. I. Die Trommel als Denkmal Materieller Kultur*. Acta Lapponica 1. Stockholm: Thule.
- _____. 1950. *Die lappische Zaubertrumme. Eine ethnologische Monographie. II. Die Trommel als Urkunde geistigen Lebens*. Acta Lapponica VI Stockholm: Hugo Gebers förlag.
- Perkins, Richard, 1994. «The Eyrarland image: Prymskviða, stansas 30–31». I *Sagnaping. Helgað Jónasi Kristjánssyni sjötugum. Seinni hluti*, 653–665. Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafélag.
- _____. 2001. *Thor the Wind-Raiser and the Eyrarland Image*. Viking Society for Northern Research text series XV. London: Viking society for Northern research.
- Qvigstad, Just, 1893. *Nordische Lehnwörter im Lappischen*. Christiania Videnskabs-Selskabs forhandlinger for 1893 No 1. Christiania: In Commission bei Jacob Dybwad.
- _____. 1903. *Kildeskrifter til den lappiske mythologi*. Det Kgl. norske videnskabers selskabs skrifter 1903 No. 1.(Nærøymanuskriptet står her). Trondhjem.
- Reuterskiöld, Edgar, 1912. *De nordiska lapparnas religion*. Populära etnologiska skrifter 8 Stockholm: Cederquist.
- Rheen, Samuel, 1983 [1671]. «En kortt Relation om Lapparnes Lefwarne och Sedher, wijd-Skiepellser, sampt i många Stycken Grofwe wildfarelser.». I *Berättelser om samerna i 1600-talets Sverige*, Kungl. Skytteanska samfundets handlingar 27, 1–68. Umeå.
- Rydving, Håkan, 1995. *Samisk religionshistoria. Några källkritiska problem*. Religionshistoriska forskningsrapporter från Uppsala 4. Stockholm: Distribueras av Almqvist & Wiksell International.
- Skanke, Hans, 1945 a [1728–1731]. «Epitomes Historiae Missionis Lapponiae. Pars Prima Anlangende de Nordske Lappers Hedendum og Superstitioner.». I *Nordlands og Troms finner i eldre håndskrifter*, red. av [O. Solberg], Nordnorske samlinger 5, 179–224. Oslo: Etnografisk museum.
- Wachtmeister, Ingegerd og Thorgunn Snædal, 1984. *Runstenar i Södermanland. Vägvisare till runristningar i Södermanlands län*. Sörländska handlingar 40. Nyköping: Södermanlands museum.

Nordica Bergensia

29 • 2003

Norrøn filologi

Redaktør for nummeret: Bernt Øyvind Thorvaldsen
Hovedredaktør: Eivind Tjønneland
Redaksjonskomité: Jon Erik Hagen, Ida Holen

Nordisk institutt, Universitetet i Bergen